



Årsmøte Kvam Mållag 2019

Møtestad: Kvam Folkeboksamling, Norheimsund

Tidspunkt: Torsdag 14.02.19 kl. 20.00.

Sakliste:

- 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 2: Val av ordstyrar, referent og to protokollunderskrivarar.
- 3: Godkjenning av årsmelding.
- 4: Godkjenning av rekneskapen.
Rekneskapen med revisjonsmelding vert lagd fram i møtet.
- 5: Budsjett 2019
- 5: Val av styre.
- 6: Val av valnemnd.

Årsmelding Kvam Mållag 2018

2018 har vore eit hendingsrikt år for Kvam Mållag som meldingsåret runda 90 år. Sjølv om årvisse arrangement som Littlarm og Sauposiumet vart lagt på is, har det vore stor aktivitet i laget.

Styret i meldingsåret har vore:

Dag Rune Mo, styreleiar

Randi Jåstad, nestleiar

Turid Bang, skrivar

Nils Drage, kasserar

Sarifa Nærnes styrelem

Varamedlemer: Johannes Heradstveit og Karsten Valland

Det har i meldingsåret vore 5 styremøter og handsama 45 saker. Utover dette har det vore arbeidsmøter i samband med førebuing av aktivitetar samt søknadsarbeid. Medlemer i styret har også delteke på prosjektmøter med heradet i samband med arbeidet prosjektet Dialekt - ord og uttrykk i Kvam

Medlemer: Laget hadde ved utgangen av året 81 betalande medlemer (82 i 2017).

Aktivitetar

Det vart i starten av året utarbeid ein aktivitetsplan som styret har følgd opp og gjennomført dei fleste aktivitetane.

Februar måned

Årsmøte Kvam Mållag.

Møtet takka av Håvard Gjerde, Ingunn Hildonen Teigland som begge har gjort eit stort arbeid for Mållaget. Kreativitet med mange nye spanande prosjekt som Forfattarmøter, Littlarm, Sau- og lamposium på Soldal m.m. vil dei verta hugsa for. Aktivitetar som gjorde mållaget svært synleg i Kvam og langt utover heradet.

Mars måned.

Årsmøte Hordaland Mållag Johannes Heradstveit representerte mållaget på møtet som vart halde på Stord 17 – 18. mars 2018 på Stord.

Barnehagekampanjen "Gjennom ord vert verda stor" er eit samarbeid Kvam Mållag har saman med Fylkesbiblioteket for å skapa leseglede mellom barna i barnehagen. Merethe Gauden var engasjert som "lesegleidar" og vitja alle barnehagane i Kvam.



Årsmelding Kvam Mållag 2018

April måned

Landsmøte i Noreg Mållag

12- 15. april deltok Turid og Sarifa på det 100. landsmøte Det var rekordstort frammøte med godt over 220 besøkjande. Det var ei utfordring for vesle Vinje å ta i mot så mange gjester, noko som gjekk utover komforten. Med 200 års markeringa for Olav Åsmundsson Vinje som bakteppe, fekk dei ei god oppleving og uredde Sarifa besteig talarstolen under årsmøtet.

Viktige saker:

- Kamp mot alle lovbrota nynorskelevane blir møtt med i skulekvardagen
- Mangelen på nynorske digitale læremiddel i skulen
- Konsekvensar for nynorsken i samband med kommunereforma m.m.

Kunnskaps- og inkluderingsminister Jan Tore Sanner held hovudtala på landsmøtet.



Soldal lamposium

Ingunn saman Soldal Grendalag inviterte 30. april til Lamposium på Soldal med Merethe Gauden som opplesar. Med utgangspunkt i Himmelspringaren og « Det lilla lammet» til Sissel Horndal, underheldt ho ein stor barneflokk og ein del vaksne.

Juni måned

Me har i år investert i større profileringsutstyr. Med bord og Rollup-banner samt mange effektar, er me meir presentable og synlege når me er ute på verving. Sarifa og Dag Rune deltok med stand på Kinckdagane. Det var strålende vær og me plasserte oss under kastanjetreet mellom gardstunet og Låven. Alle gjestene passerte oss og mange var innom standen (m.a. leiaren i riksmålforbundet i Bergen). Spontan-innmelding i mållaget var det lite av, men me fekk markert oss på ein god måte og delte ut mykje reklamemateriell.

September måned

Sparebanken Vest inviterte til ei markering i Holmatun i samband med gåveutdeling til Lag og organisasjonar i distriktet. Mållaget mottok ei gåve på 10 000 som er øyremerka Ord- og uttrykk- prosjektet vårt. Randi og Turid deltok på denne samlinga.

Oktober måned

19. oktober inviterte mållaget inn til markering av 90 årsdagen til Kvam Mållag på same tid som ein også markerte Vinje-jubileet. Festen vart halde i Holmatun. Vår skrivar Turid drog gjennom historien til Mållaget.

Åsmund Olavsson Vinje i ord og tonar var arbeidstittelen for programmet. Kåseri ved Sveinung Time, kona Liv Marit



Årsmelding Kvam Mållag 2018

Aksnes les dikt og Teklang koret sytte for songen. Ei verdig markering for ein 90 år gamal slitar.

Siderfestivalen

Randi og Turid deltok på stand saman med Kvam Kulturminnelag.

Nynorsk og framandkulturelle.

Vaksenopplæringa i Kvam ligg langt framme i høve til å nytta nynorske læremiddel i samband med norskopplæringa. Diverre står det sørgjeleg til i mange av Vestland kommunane. Dei fleste kommunar i Hordaland har berre materiell på bokmål. Mållaget inviterte seg sjølve inn til vaksenopplæringa der Sarifa og Randi deltok i møte saman med stab og kursdeltakarar. Formål er å gje særskilt dei framandkulturelle informasjon om målsaka og kvifor det er fleire skriftspråk i Norge. Dette vil verta gjort yil ein fast tradisjon.



Økonomi.

Økonomien til laget er bra. Rekneskapen i år syner eit forholdsvis stort underskot. Det skuldast stor aktivitet og eit par-tre kostbare aktivitetar. Landsmøte (annakvart år), Barnebokprosjektet samt investering i Standsmateriell er årsak til dette. Medlemskontingenten utgjer ein liten del av kostnadane. Finansiering av aktivitet er difor heilt avhengig av eit aktivt arbeid med søknader om støtte og samarbeid.

DIALEKT-ORD OG UTTRYKK FRÅ KVAM

Kvam Mållag gjev dette prosjektet eit eigarskap gjennom å stilla vårt organisasjonsnummer til bruk for prosjektet. Prosjektet har per dato ikkje noko formell organisasjon bak seg. Det har vore på mange måtar Marie Elisabeth Skutlaberg sitt prosjekt. Ho har fungert som ein prosjekt leiar, medan Kvam Mållag er ein organisatorisk eigar.

Me har i år arbeidd for å få prosjektet inn i Kulturminneplanen. Det har også frå laget si side vorte søkt om midlar frå Kvam Herad, Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken Vest. Me har fått innvilga kr. 100 000 frå Kvam Herad til IKT støtte, samt me har fått ei gåve frå Sparebanken Vest på kr. 10 000.

Skutlaberg har siste året vore oppteken av forfattararbeid, men signalisert at ho no kan arbeida vidare med prosjektet.

For vidare arbeid må Mållaget gjera nokon strategiske val i høve til kor stort prosjektet skal vera. Fylkeskommunen har signalisert at skal dei vurdera støtte, må det ha ein regional verdi - eventuell verta ein pilot i høve til andre som ønskjer å gjere det same i sitt dialektområde.

Årsmelding Kvam Mållag 2018

Sluttord

Må til slutt nytta høvet å takka alle medlemer som støttar oss. Vidare er me svært takknemlege overfor dei mange økonomiske støttespelarane våre: Kvam Herad, Sparebanken Vest. Folkeakademiet i Kvam er medspelar på svært mange av arrangementa våre.

Dag Rune Mo, styreleiar Randi Jåstad, nestleiar Turid Bang, skrivar

Nils Drage, kasserar

Sarifa Nærnes styrelem